



Innst. S. nr. 202

(2004-2005)

Innstilling til Stortinget fra utenrikskomiteen

St.meld. nr. 31 (2004-2005)

Innstilling fra utenrikskomiteen om samarbeidet i NATO i 2004

Til Stortinget

SAMMENDRAG

Alliansen vart utvida 29. mars 2004 med Estland, Latvia, Litauen, Slovenia, Slovakia, Romania og Bulgaria. Ei anna stor hending i NATO i 2004 var toppmøtet i Istanbul 28.-29. juni. Der traff NATO vedtak om omforming av alliansen og om nye initiativ overfor partnarland og anna samarbeid i den vidare Midtausten-regionen.

Motsetnadene over Atlanterhavet som kom til syne under Irak-konflikten, kom også til å prege drøftingane i alliansen i 2004. Likevel synte 2004 ein etter Regjeringa si meining sterkare vilje frå amerikansk side til å gjere bruk av alliansen som hovudforum for konsultasjonar og som ramme for internasjonale operasjonar. Mot slutten av 2004 var det håp om betre samarbeidsklima, særleg etter det uformelle toppmøtet 22. februar 2005 der president Bush møtte NATO-kollegaene sine.

Samarbeidet mellom EU og NATO hadde ikke mykje framgang i 2004. Dialogen var begrensa til å gjelde NATO-operasjonen i Bosnia-Hercegovina, som EU tok over i desember 2004, og utviklinga av militære kapasiteter.

Noreg har lagt vekt på å støtte opp om NATO som det sentrale forumet for konsultasjonar og samarbeid i spørsmål om fellesstryggleiken i alliansen. Frå norsk side har ein vore uroa over manglende framgang i arbeidet med å utforme breiare politisk og praktisk samarbeid mellom dei to organisasjonane utover reint militære spørsmål.

EU-vedtaka om å etablere innsatsstyrkar er eit uttrykk for styrkinga av tryggings- og forsvarspolitikken i EU. Norge vedtok å gå saman med Sverige og Finland i ein felles nordisk innsatsstyrke på inntil 150

mann. Innsatsstyrkane er etter Regjeringa si meining viktige for at EU skal evne å støtte FN i krisehandlingsoperasjonar. Avtalegrunnlaget for den norske deltakinga er i ferd med å fullførast.

På norsk side har ein også arbeidd for å sikre god tilgang til EU-organet for forsvarsmateriell (European Defence Agency).

Når det gjeld internasjonale operasjonar, er det brei semje om at NATO må halde oppe styrkenivået sitt i Kosovo gjennom den NATO-leidde internasjonale fredsstyrken KFOR. Det var stor uro der i mars 2004. Det viste kor ustabil situasjonen framleis er. Norge hadde ein bataljon på rundt 450 mann då. Seinare i 2004 bytte Norge ut hærbidraget i Kosovo med ei helikoptereining.

Under Istanbul-toppmøtet vedtok NATO overføring av den NATO-leidde fredstryggingsoperasjonen SFOR i Bosnia-Hercegovina til ein ny EU-leidd styrke, EUFOR.

Utbrygginga av styrken International Security Assistance Force, ISAF, i Afghanistan har halde fram i 2004. Etter at NATO tok over styrken i 2003, har det vore ei sentral målsetjing å medverke til å gje sentralregjeringa større kontroll også i provinsane. Hovudutfordringane det nærmeste året vil vere å støtte opp under parlamentsvala og å utvide ISAF i den vestlege og sørlege delen av landet. Det norske bidraget til ISAF har vore viktig for den samla NATO-innsatsen. I 2004 stod Noreg mellom anna for leiinga av den eine av tre bataljonsstridsgrupper i Kabul. Noreg vil framleis legge hovudtyngda av det internasjonale militærengasjementet til Afghanistan.

På Istanbul-toppmøtet vedtok NATO å etablere ein treningsmisjon i Irak til opplæring av irakiske tryggingsstyrkar. Noreg har delteke i denne frå starten. Noreg har også medverka til å legge til rette for opplæring av irakiske offiserar ved Joint Warfare Centre i Stavanger og har forplikta seg til å sende inntil ti instruktørar til Irak. Vidare deltek Noreg i den fleirnasjonale styrken i Irak med inntil ti stabsoffiserar i dei

britiske og polske hovudkvartera, i tillegg til opplæring av irakisk politioffiserar i Noreg med vekt på menneskerettar, likestilling og administrasjon. Motsetningane som hadde gjort seg gjeldande mellom sentrale allierte i handsaminga av Irak-spørsmålet, vart i Istanbul skuva i bakgrunnen til fordel for eit felles syn på opplæringa av irakiske tryggingsstyrkar.

Noreg vil sjå positivt på ei rolle for NATO i den israelsk-palestinske konflikten dersom partane i konflikten skulle ønske det.

Noreg var i 2004 med i NATO sin maritime patrulje- og overvakingsoperasjon i Middelhavet som ein del av alliansen sin felles kamp mot internasjonal terror og spreieing av masseøydeleggingsvåpen.

I Baltikum har Noreg hatt ei luftkontrolleining sidan april 2004 fordi dei baltiske statane ikkje har eigen kapasitet til slik kontroll av eige luftrom.

Utvindinga av NATO med sju land som tidlegare var partnerland, forsterka behovet for tilpassing av partnersamarbeidet. Under toppmøtet i Istanbul vedtok NATO å styrke samarbeidet med alle partnerland, og særleg i aust med landa i Kaukasus og Sentral-Asia. For Noreg er det viktig at dette ikkje fører til svekt kontakt med vesteuropæiske partnerland som Sverige og Finland, eller landa på Vest-Balkan.

Kontakten med landa i Middelhavsregionen vart utvida i 2004. Den skal stimulere til ein brei reformprosess og sikre nye partnerar i kampen mot internasjonal terrorisme. I tillegg tok Istanbul-initiativet siktet på styrka samarbeid i den vidare Midtausten-regionen.

I NATO-Russland-rådet meiner Regjeringa at samarbeidet har utvikla seg positivt. Dette gjeld både praktisk militært samarbeid og politiske konsultasjoner. Rådet er nå eit viktig politisk instrument i den tillitskappinge prosessen mellom tidlegare motparter.

Det er også skapt eit godt utgangspunkt for eit nærmare samarbeid mellom NATO og Ukraina. Noreg vil støtte eit USA-leidd fond i NATO-regi for destruksjon av mellom anna handvåpen i Ukraina med 2 mill. norske kroner.

I 2004 har NATO gjennomgått store militære tilpassingar for å vere betre rusta mot dei nye tryggingsutfordringane. Særleg er det behov for meir fleksible styrkar som kan nyttast både innanfor og utanfor NATO-territorium. NATOs reaksjonsstyrke er eit ledd i dette. Reaksjonsstyrken vart hausten 2004 erklært å ha avgrensa operativ kapasitet, og han vil ha full operativ kapasitet i 2006. Noreg har delteke i alle kontingentane i reaksjonsstyrken. Det vart også arbeidd med å få meir allsidige og deployerbare styrkar i alliansen. NATO har store utfordringar med å få generert nødvendige styrkar til operasjonar og til reaksjonsstyrken. Den første årlege, globale styrkegenereringskonferansen vart gjennomført i november 2004. Dette skal gjere systemet meir oversiktleg og langsiktig.

Arbeidet med å tilpasse NATO til dei nye tryggingsutfordringane held fram, men trass i god framgang meiner Regjeringa at det framleis er stor avstand mellom ambisjonar og ressursar. For at NATO framleis skal kunne vere den sentrale organisasjonen for tryggingsamarbeid i det transatlantiske området, er det

avgjerande at alliansen utviklar seg vidare både når det gjeld militære ressursar og politisk samhald.

KOMITEENS MERKNADER

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Haakon Blankenborg, lederen Thorbjørn Jagland, Jens Stoltenberg og Gunhild Øyangen, fra Høyre, Julie Christiansen, Inge Lønning, Oddvard Nilsen og Finn Martin Vallersnes, fra Fremskrittspartiet, Morten Høglund og Christopher Stensaker, fra Sosialistisk Venstreparti, Kristin Halvorsen og Bjørn Jacobsen, fra Kristelig Folkeparti, Sigmund Kroslid og Lars Rise, og fra Senterpartiet, Åslaug Haga, viser til at også i 2004 har NATO gjennomgått betydelige endringer og fortsatt tilpassingen til nye oppgaver, samtidig som organisasjonen har ansvar for og gjennomfører tunge oppdrag.

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Sosialistisk Venstreparti, vil særlig bemerke den historiske utvidelsen 29. mars 2004 da Estland, Latvia, Litauen, Slovenia, Slovakia, Romania og Bulgaria ble opptatt som medlemmer. Utvidelsen markerer et tidskille for sikkerhetspolitikken på det europeiske kontinentet gjennom økt integrasjon.

I tillegg mener flertallet at NATO gjennom engasjementene på Balkan, i Afghanistan og i Irak bidrar til stabilitet og dermed til demokratisk utvikling, og anser at disse engasjementene bidrar til den økende samarbeidsinteressen fra stadig flere samarbeidsland i Asia, Nord-Afrika og i Midtøsten. Flertallet ser det som viktig at Norge bidrar til å styrke utviklingen av denne siden av NATOs virksomhet.

Komiteen observerer at det fortsatt er indre spenninger i alliansen, og særlig mellom USA og sentrale europeiske allierte. Irak er en av grunnene til dette, men også fremveksten av et mer diffust trusselbilde og et sterkere og mer selvsikkert Europa. Komiteen er tilfreds med at en fra europeisk side legger avgjørende vekt på at internasjonal terrorisme bare kan nedkjempes ved kombinert bruk av politiske, økonomiske, militære og andre virkemidler. Det er viktig for Norge å følge nøyne med i prosessen når balansen i alliansen endres i takt med EUs økende ambisjoner og vilje til å spille en mer selvstendig og aktiv rolle på det forsvars- og sikkerhetspolitiske området. Komiteen konstaterer at denne utviklingen går fort, og at det stadig tettere sikkerhetspolitiske samarbeidet mellom EU-landene vil kunne få vesentlige konsekvenser for NATO og for Norge, dersom en ikke sikrer gode samarbeidsordninger mellom de to organisasjonene.

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Sosialistisk Venstreparti, mener det er vesentlig at Norge er en pådriver i utviklingen av slike samarbeidsrelasjoner, at det aktive NATO-engasjementet fra ame-

rikansk side fortsetter, og at den brede transatlantiske dialogen innenfor alliansen videreføres.

Flertallet er innforstått med at Afghanistan blir en hovedprioritert oppgave for alliansen i lang tid fremover, og også at det er full enighet mellom de allierte om å bidra til oppbyggingen av et demokratisk og stabilt Irak, også ved å delta i NATOs treningsmisjon.

Overføringen av fredsoperasjonen i Bosnia-Hercegovina fra NATO til EU i desember 2004 viser at samarbeidet mellom NATO og EU kan fungere godt. Etter dette er NATO-engasjementet på Balkan nå hovedsakelig knyttet til Kosovo. Komiteen er tilfreds med den brede enigheten om at styrkenivået i KFOR inntil videre skal opprettholdes, og om at alliansen i tillegg til militær stabilisering må spille en mer politisk rolle for bl.a. å støtte opp under FNs innsats.

Komiteen merker seg den positive utviklingen i NATO-Russland-rådet det siste året. Dette har også en positiv innvirkning på forholdet mellom Norge og Russland, og komiteen støtter at det fra norsk side arbeides for å videreutvikle dette samarbeidet så vel om vanskelige politiske saker som om mer praktiske og konkrete operasjoner.

Også i 2004 arbeidet NATO med å omforme sin militære evne til å kunne håndtere de sikkerhetsutfordringene vi står overfor. Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Sosialistisk Venstreparti, er oppmerksom på at det er spesielt behov for mer fleksible styrker som kan nytes både innenfor og utenfor NATO-territorium. Flertallet ser også at nye og kostbare kapasiteter krever videreutvikling av det flernasjonale samarbeidet internt i alliansen, og at dette er og vil bli sentrale spørsmål i omformingen av de ulike kapasitetsrelaterte prosessene og planleggingsdisiplinene i NATO.

Komiteens medlemmer fra Sosialistisk Venstreparti viser til de militære omformingsprosessene NATO er inne i og som er begrunnet ut fra alliansens behov for hurtigreaksjonsstyrker til bruk utenfor eget territorium. Dette er en utvikling disse medlemmer har vært sterkt imot fordi det bidrar til å gjøre NATO til en angrepssallianse. Doktrinen om forebyggende angrep understreker denne tendensen. Disse medlemmer mener at Norge bør ta initiativ til at NATO går bort fra førsteslagsstrategien, og på den måten går foran i det internasjonale nedrustnings- og ikkespredningsarbeidet. At Tyskland nå diskuterer tilbaketrekkning av amerikanske atomvåpen i landet i NATO, kan åpne for dette på en annen måte enn tidligere.

Disse medlemmer mener at NATO-samarbeidet burde opphört i det Warszawa-pakten ble nedlagt, for å markere en endelig avslutning på den kalde krigen. I stedet har alliansen redefinert sine oppgaver for å begrunne sin fortsatte eksistens.

Disse medlemmer viser til Irak-krigen og de konsekvenser denne har hatt for de tradisjonelt sterke transatlantiske bånd, slik det er beskrevet i meldingen.

Vi har sett gjentatte eksempler på at USA velger å ikke forholde seg til NATO, men heller danner koalisjoner med enkeltland i sin krigføring. Dette bidrar til å svekke NATOs relevans som militærallianse. Selv om USA ikke er avhengig av NATO i sine angrepsskriger, søker de å legitimere krig og okkupasjon i Irak ved å trekke inn alliansen i ettertid. Disse medlemmer er tilfredse med at det ikke er blitt enighet om at NATO skal bidra i den pågående krigen i Irak, og mener at heller ikke Norge bør delta her. Det ville vært i tråd med den norske folkemeningen. Disse medlemmer vil heller ikke at NATO skal bistå med opplæring av irakiske sikkerhetsstyrker så lenge okkupasjonen pågår, verken i eller utenfor Iraks grenser.

Utviklingen av en felles sikkerhets- og forsvarspolitikk i EU bidrar til å svekke NATOs relevans ytterligere. Komiteens medlemmer fra Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet mener at det er et blindspor for Norge å knytte seg nærmere til dette samarbeidet. Det er ikke ønskelig å stille styrker eller materiell til disposisjon for en union vi ikke er medlem av. Disse medlemmer mener at framveksten av en europeisk sikkerhetsblokk i tillegg til NATO viser behovet for utenrikspolitiske aktører med en mer uavhengig linje. Det kan gi et viktig bidrag for brobygging og dialog, og en rolle Norge bør og kan påta seg i større grad framover.

Komiteens medlemmer fra Sosialistisk Venstreparti viser til ISAF-styrken i Afghanistan. Det er en rådende oppfatning at denne gjør en viktig innsats for fred og stabilitet i Kabul, og det er en bred oppslutning om de norske bidragene til ISAF. Det er også allmenn enighet om at disse må utvides til et større geografisk område enn hovedstaden dersom det skal legges grunnlag for en varig demokratisk utvikling i landet. Disse medlemmer støtter dette, men er urolig over sammenblandingen av sivile og militære oppgaver som gjøres i PRT-lagene. Militære enheter skal primært utføre militære oppgaver, både fordi det er dette de er trent til og har kunnskap om, men også av hensyn til sikkerheten til humanitære organisasjoner og uavhengige bistandsaktører, som lett kan bli assosiert med militære som utfører humanitært arbeid. Bistandsarbeidere har protestert mot denne rolleblandinga, fordi den vanskelig gjør deres jobb i konfliktområder.

Disse medlemmer vil understreke at nærværet av NATO i FN-oppdrag skaper forventninger om vekst og utvikling i befolkningen. Den tillit som ISAF så langt nyter kan snus dersom deres innsats ikke følges av framgang på det sosiale og økonomiske området. Det er konkrete forbedringer i hverdagen til folk flest og positiv utvikling i samfunnet under ett som er avgjørende for at ISAF lykkes, og ikke Operation Enduring Freedoms krigføring i ulike deler av landet.

Partnerskapsarbeidet som foregår innenfor NATO-samarbeidet, er positivt. Men ut fra styrkeforholdet mellom partnerskapslandene og NATO ville det etter disse medlemmers mening vært en fordel om dialog om forsvarsreformer, nedrustning og gjensidig til-

litskapende arbeid ble ført innenfor andre rammer, som FN og OSSE.

Ønsket om økt partnerskap med nordiske naboland er velkommen, hvis det betyr at det kan legges til rette for samarbeid også på andre felter. Dette medlemmene viser til at forslaget om å samarbeide om et skytefelt med Sverige i stedet for å bygge Regionfelt Østlandet ble avvist, med henvisning til at Sverige ikke er medlem av NATO. Dersom samarbeidsviljen hadde vært til stede da dette skytefeltet ble diskutert, kunne den nor-

ske stat ha spart store miljødeleggelsjer og flere milliarder kroner til nybygging.

KOMITEENS TILRÅDING

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til meldingen og rår Stortinget til å gjøre følgende

vedtak:

St.meld. nr. 31 (2004-2005) - om samarbeidet i NATO i 2004 - vedlegges protokollen.

Oslo, i utenrikskomiteen, den 25. mai 2005

Thorbjørn Jagland
leder

Finn Martin Vallersnes
ordfører